

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad: Scandic Sunnfjord hotell, Førde
Dato: 20.05.2019
Tidspunkt: 10:00 – 12:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg	Nestleder	
Leidulf Rygg Bogstad	Medlem	
Håkon Myrvang	Leder	
Iris Loftheim	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunhild Berge Stang	MEDL	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 7/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 8/19	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 2/19	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker til styremøte 2/2019		2019/4183
ST 9/19	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om tilbygg på Kupehytta - Oddvar Årdal		2019/6670
ST 10/19	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Informasjonsskilt		2019/7194
ST 11/19	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Tiltaksplan 2019-2020		2019/10675
ST 12/19	Eventuelt		

ST 7/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll ST 7/19 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.05.2019

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

ST 8/19 Signering av protokoll frå førre møte

Saksprotokoll ST 8/19 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.05.2019

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

Vedtak

Protokoll frå førre møte vart godkjent og signert

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	2/19	20.05.2019

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Orienteringssaker til styremøte 2/2019

Vedtak

Styret tok orienteringssakene til vitande.

- **Per Kandal - helikopterløyve**

Per Kandal har fått løyve til inntil 4 landingar med helikopter ved gjetarhytta i Blådalen ved Indre Kandal. Føremålet med flyginga er transport av material til vedlikehald på hytta. Løyvet er gjeve med delegert mynde.

- **Brev til Miljødirektoratet om styresamansetting etter kommunesamanslåinga**

Vart sendt til Miljødirektoratet 28.2.19

- **Nye kontaktpersonar i Miljødirektoratet**

Vi har fått nye kontaktpersonar i Miljødirektoratet. Arnt Hegstad i juridiske spørsmål og Kjell Tore Hansen i naturfaglege.

- **Synfaring i Risbotnen i samband med gjetarhyttesaka.**

Jurist Hege Langeland frå Miljødirektoratet kjem på synfaring i Gjengedalen 5. juni. Synfaringa er i samband med saka om gjetarhytte i Risbotnen som Miljødirektoratet no har teke opp att etter Sivilombodsmannen si handsaming og uttale i saka. Synfaringa vil vere med alle relevante partar. Forvaltar vil vere med og hjelpe til med det praktiske, og dessutan gjere greie for styret si handsaming ved behov.

- **Status på besøksstrategi**

Besøksstrategien ligg framleis hjå Miljødirektoratet for endeleg godkjenning. Vi har fått nye kontaktpersonar i Mdir og dei treng sikkert litt tid på å lese seg opp på den, men dei er på saken.

- **Nye forvaltarar i Vestland**

I statsbudsjettet for 2019 vart det sett av midlar til 6 nye forvaltarstillingar i landet, og 2 av dei i Sogn og Fjordane. I tillegg har det vore litt utskifting i nokre stillingar. Tor Arne Hauge er tilsett som ny forvaltar i Jostedalsbreen (ny stilling). Han byrja no etter påske. Jorunn Vallestad er tilsett som ny forvaltar i Nærøyfjorden og Stølsheimen (ny stilling). Ho byrjar i løpet av sommaren. Eldrid Nedrelo er ny forvaltar for Jotunheimen, etter at Magnus Snøtun slutta i fjor. Eldrid har tidlegare vore forvaltar i Breheimen. Trygve Snøtun vert ny forvaltar i Breheimen. Han tek til over sommaren.

- **Status på tiltak 2019**

Oppstart med klopplegging langs Storevatnet so fort Bygdeservice er klar.

Bestilt nye trappetrinn til trappene i Geitabykset. Vi valde å bestille trinn i "gitter" i staden for vanlege stålplater, med omsyn til tryggleik og framkome. Vert truleg levert i slutten av mai.

Dette medfører ein ekstra kostnad, litt meir transport og arbeid. Men vi meiner resultatet vert mykje betre, og det er viktig i eit slikt pioner- og prestisjeprosjekt.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	9/19	20.05.2019

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Søknad om tilbygg på Kupehytta - Oddvar Årdal

Saksprotokoll ST 9/19 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.05.2019

Vedtak

Grunneigarane på Årdal Indre i Årdalen, Jølster får løyve til å bygge tilbygg til Kupehytta i Årdalskupa i tråd med søknad og skisser. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 1.3 a) og gjeld på desse vilkåra:

- Tilbygget skal nyttast til sanitærrum og lager
- Tilbygget skal ikkje vere større enn 2 x 4 m.
- Dersom det er praktisk mogeleg, skal tilbygget trekkast inn på langveggen eit stykke, slik at det opphævelege hjørnet framleis står.
- Tilbygget skal ha same kledning, same tak og same farge som resten av hytta.
- Den gamle utedoen skal rivast når tilbygget er ferdig.
- Når byggearbeidet er ferdig skal det ryddast opp rundt hytta og der den gamle utedoen stod. Alt avfall skal fjernast.
- Når tiltaket er ferdig skal det dokumenterast, enten med synfaring eller med ein kort rapport med bilete som vert sendt til verneområdeforvaltaren.
- Arbeidet skal vere ferdig innan utgangen av 2021.

Tiltakshavarane er sjølv ansvarlege for eventuelt løyve etter plan- og byggelova frå kommunen og for løyve til motorferdsel dersom det skal brukast til transport av material og utstyr.

Innstilling frå forvaltar

Framlegg til vedtak frå verneområdeforvaltar

Grunneigarane på Årdal Indre i Årdalen, Jølster får løyve til å bygge tilbygg til Kupehytta i Årdalskupa i tråd med søknad og skisser. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 1.3 a) og gjeld på desse vilkåra:

- Tilbygget skal nyttast til sanitærrom og lager
- Tilbygget skal ikkje vere større enn 2 x 4 m.
- Dersom det er praktisk mogeleg, skal tilbygget trekkast inn på langveggen eit stykke, slik at det opphavelege hjørnet framleis står.
- Tilbygget skal ha same kledning, same tak og same farge som resten av hytta.
- Den gamle utedoen skal rivast når tilbygget er ferdig.
- Når byggearbeidet er ferdig skal det ryddast opp rundt hytta og der den gamle utedoen stod. Alt avfall skal fjernast.
- Når tiltaket er ferdig skal det dokumenterast, enten med synfaring eller med ein kort rapport med bilete som vert sendt til verneområdeforvaltaren.
- Arbeidet skal vere ferdig innan utgangen av 2021.

Tiltakshavarane er sjølv ansvarlege for eventuelt løyve etter plan- og byggelova frå kommunen og for løyve til motorferdsel dersom det skal brukast til transport av material og utstyr.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om utviding av Kupehytta
- Skisser og andre vedlegg til søknaden
- Verneforskrift for Naustdal-Gjengedal LVO
- Forvaltningsplan

Søknaden

Grunneigarane på Årdal Indre i Jølster bygde på 1950-talet ei gjetarhytte i Kupa, innanfor Stegsvatnet. Hytta er felles for grunneigarane på Årdal Indre og den er og open for ålmenta. Hytta vert mest brukt i samband med tilsyn og sanking av sau, men og til jakt, fiske og rekreasjon. Grunneigarane ynskjer at hytta skal verte meir brukt, særleg i samband med fiske og kultivering av fiskevatna.

Ved hytta står der ein utedo, som vert kalla «Kapellet». Den har trekantform og ligg rett ved stien som går forbi hytta og vidare mot Longevasshytta. Der er det berre ein enkel utedo der avfallet går ned i eit hol i bakken, med lukt- og insektplager som resultat. Den er dessutan nedsnødd gjennom delar av vinteren og våren slik den ligg no. «Kapellet» vert og brukt som lager for ved, gass med meir.

Grunneigarane ynskjer å bygge på hytta med eit tilbygg vestover, ned mot Stegsvatnet. Tilbygget vert på 2x4m og skal fungere som sanitærrom og lager (sjå vedlagte skisser). Det skal settast inn ein «snurredo» med avtrekk. Den gamle utedoen, «Kapellet» skal då rivast.

Regelverk

Utviding av bygningar i landskapsvernområdet er i utgangspunktet forbode, jamfør verneforskrifta § 3 pkt. 1.1. Forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til utviding på visse vilkår,

jamfør § 3 pkt. 1.3 a):

1.3. *Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:*

a) *Ombygging og utviding av eksisterande bygningar i tråd med tradisjonell byggjeskikk.*

Forvaltningsstyresmakta har altså heimel til å gje eit slikt løyve som det er søkt om. Det må likevel gjerast ei skjønsmessig vurdering om det er fagleg tilrådeleg å gje løyvet.

Tiltakshavarane er sjølv ansvarlege for å få løyve frå kommunen dersom det er naudsynt. Dei må og hugse på at eventuell motorferdsel til transport og må søkjast om.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7, skal alle vedtak som kan verke inn på naturmiljøet vurderast etter prinsippa i nml §§ 8-12.

Vurdering

Det bør alltid ligge ei grundig og streng vurdering bak bygge- og inngrepssaker. Dette er tiltak som meir eller mindre set spor etter seg og oftast er dei irreversible. Det vil seie at det som først er gjort, kan ikkje enkelt gjerast om eller tilbakeførast. Før ein tillèt irreversible tiltak må ein vurdere om føremålet med og behovet for tiltaket er tilstrekkeleg. Ein må vurdere om tiltaket i seg sjølv er planlagt på ein skånsam og hensiktsmessig måte som ikkje gjev meir verknad på naturmiljøet enn naudsynt. Og ein må vurdere vilkår som kan redusere eventuelle negative effektar av tiltaket.

Verneområdestyret seier i utkastet til besøksstrategi som no ligg hjå Miljødirektoratet for endeleg godkjenning, at det er eit mål å auke besøket og bruken av verneområdet. So lenge det skjer innanfor rammene i regelverket og det ikkje går ut over verneverdiar eller sårbar natur. Ruta som går frå Årdal, forbi Kupehytta og vidare til Longevasshytta er ei av rutene og turmåla som skal satsast på gjennom besøksstrategien. Forvaltninga er altså positive til at området vert brukt og at det vert lagt til rette for ei viss auke i bruken. Om tiltaket fører til at fleire folk besøker og brukar området er det positivt. Kultivering av fiskevatn og meir attraktivt fiske som igjen kan gje auka sal av fiskekort er og positivt både for forvaltninga og grunneigarane.

Ynskje om betre hygieniske tilhøve og betre handtering av bioavfall ved gjetarhytta er både naturleg og enkelt å forstå. Moderne løysingar gjer dette mykje betre enn dei tradisjonelle utedoane både med tanke på lukt, insekt og avrenning. Det er og forståeleg at ein ynskjer å flytte bygget vekk frå stien og til ein stad kor det ikkje legg seg so mykje snø.

Bruken av hytta er primært knytt opp mot landbruk, men og til andre interesser. Verneområdeforvaltninga er positive til landbruksdrift i verneområdet. Både verneforskrift, forvaltningsplan og forvaltningspraksis anerkjenner behovet for bygningar knytt til den bruken. Føremålet bak søknaden er soleis noko som forvaltninga i utgangspunktet støttar. Det er søkt om å bygge på eit tilbygg på 2 x 4 m, altså 8 m², på vestsida av dagens hytte. Hytta per i dag er på 30 m². Utvidinga av hytta vert då på om lag 27 %, og areal etter utviding vert 38 m². I forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal LVO står det at *«I følgje forvaltningspraksis vert utviding av eksisterande areal med inntil 30 % vurdert som akseptabelt. Total BYA skal ikkje vere over 45 m² etter utviding.»* Utvidinga det er søkt om er altså innanfor retningslinjene i forvaltningsplanen.

Det er eit krav i forskrifta at utviding skal vere *i tråd med tradisjonell byggjeskikk*. Her er det ikkje klare retningslinjer for kva som er innanfor omgrepet tradisjonell byggjeskikk, men ein må sjå på andre bygningar i nærområdet og på kva som er mest vanleg byggjeskikk på liknande bygningar i distriktet. Her er det snakk om ei gjetarhytte og utforming og byggjeskikk på dei kan variere veldig. Det kjem mellom anna an på kor høgt og langt vekke dei ligg. Dette er ei ganske stor og «forseggjort» gjetarhytte. Det heng nok mellom anna saman med at den og vert brukt til andre ting, og at den ikkje ligg so veldig høgt og langt vekke. Tilbygget vil likne på tilbygget som er på andre sida av hytta kor det er vindfang. Slik sett kan ein ikkje seie at tilbygg på vestsida vil bryte med byggeskikken når det allereie er tilbygg på austsida, sjølv om bygningen strengt tatt vert litt meir «klumpete».

Kulturavdelinga hjå fylkeskommunen har fått saka tilsendt for eventuell fråsegn gjeldande tradisjonell byggjeskikk og utforming, og seniorrådgjevar Knut Åland gav tilbakemelding til verneområdeforvaltar per telefon. Dei rår til at tilbygget vert trekt «inn på vegg» noko, slik at det opphavelege hjørnet i sørvest vert ståande. Då vert ikkje kortveggen mot sør so brei, og gjetarhytta vil behalde mykje av si opphavelege form. Ut over det har ikkje fylkeskommunen merknader. Forvaltaren har diskutert dette med søkjaren, og han tykkjer det er ein god ide.

Bygging av tilbygget og riving av den gamle utedoen vil redusere talet på bygningar på staden. Sjølv om hytta vert noko større vil eit tilbygg vere meir anonymt enn ein frittstående utedo, og området vil truleg framstå som mindre «nedbygd» enn før. Bygningsmassen vil virke meir kompakt og effektiv, og det er positivt. «Pyramideformen» på den gamle utedoen skil seg dessutan frå tradisjonell byggjeskikk og det er derfor positivt å erstatte den bygningen.

Slik som det kjem fram av skisser og skildring, vil storleik og utforming av tilbygget harmonere greitt med resten av hytta. Ut i frå skissene skal det vere liggande kledning og same type tak som hytta har i dag (papp). Eg går ut i frå at tilbygget skal målast eller beisast i same farge som hytta. Det ser og ut til at golvet på tilbygget skal senkast litt i høve til golvet på hytta. Då vinn ein litt høgde innvendig utan at takvinkelen vert for flat. Snurredoen skal ha avtrekk med «pipe» som stikk litt opp over taket på til bygget, men som er mykje lågare enn mønet og pipa på hytta. Alt i alt ser det ut til å vere gjennomtenkte og gode løysingar.

Årdalskupa er eit område som verneområdeforvaltninga kjenner godt. Vi har hatt fleire turar, synfaringar og tiltak i området. Området rundt hytta er dessutan godt dokumentert med bilete

som følgde søknaden. Registreringane i Naturbase og Fylkesatlas er sjekka for Årdalskupa, og dei syner ingen sårbare førekomstar som kan verte negativt påverka av tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml § 8) er godt, og føre-var-prinsippet i nml § 9 treng ikkje vektleggast.

Jamfør nml § 10 skal ein vurdere om den samla belastninga av vedtaket, inkludert effekten av framtidige tiltak som kan kome som ein presedens av vedtaket, er innanfor det som er akseptabelt for området. Sidan tiltaket faktisk reduserer tal bygningar og bygd areal ikkje aukar nemneverdig, so vurderer eg det slik at prinsippet i § 10 er oppfylt.

Gjennom nml § 12 kan ein sette krav til at mest skånsame metode og lokalisering vert valt. I denne saka vil det gjelde plassering og utforming av tilbygget. Med dei vurderingane over her gjeldande tradisjonell byggeskikk og plassering er § 12 oppfylt.

Nml § 11 er ikkje aktuell.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	10/19	20.05.2019

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Informasjonsskilt

Vedtak

Leverandør:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre sette opp følgjande prioritering av leverandørar av informasjonsskilta:

1. Stryvo
2. Nomek

Val og prioritering av leverandørar er gjort basert på lågast pris og dessutan lokal tilknytning/nærleik til leverandør. Nærleik til leverandør gjer oppfølging av produksjon og leveranse lettare.

Skilt på Jølster:

Styret gjev forvaltar i oppdrag å følge opp plassering av skilt opp mot statens Vegvesen og eventuelt Jølster kommune.

Skilt på Sandane:

Styret gjev forvaltar fullmakt til å finne beste plassering i Sandane sentrum saman med Gloppen kommune og Statens naturoppsyn.

Dokument i saka:

- Notat om utforming og plassering
- Samanstilling av tilbod
- Designmanual for Norges Nasjonalparker

Bakgrunn

Planen for 2019 er å sette opp informasjonsskilt og portalskilt på to stader rundt Naustdal-Gjengedal LVO. Då styret fordelte tiltaksmidlar på styremøte 1/2019 fekk forvaltar i oppdrag å hente inn prisar, jobbe med plassering, innhald og hente inn løyve frå grunneigar på aktuelle. Deretter skulle saka opp att på neste styremøte.

Konsept

Tanken er å plassere to skilt ved sidan av kvarandre på kvar lokasjon;

- Eit «Portalskilt» 800x2000 mm med utskoren portal og logo i rustfritt.
- Eit «Stort skilt» på 950x2000 mm med ståande info-/kartplakat 700 x 1000 mm

Desse to skilta skal fungere som eit «sett». Dei skal plasserast slik at når ein står framfor portalskiltet, skal ein sjå mot/på verneområdet gjennom «portalen».

Plassering og løyve frå grunneigar

- Forvaltar har sendt søknad til Statens Vegvesen om å sette opp skilt på parkeringsplass/rasteplass ved det nye krysset som kjem ved E39 i Årdalen på Jølster. SVV har svart at dei er positive til å plassere skilt her. Dei vil ikkje gje formelt løyve før anlegget er ferdig og vi i fellesskap kan finne ei god og trafikksikker plassering.
- Gloppen kommune er positive til å plassere eit sett i parkområdet nede ved fjorden i sentrum/Krånavegen. Nærmare plassering skal avtalast med kommunen.

Leverandørar av skilt

Vi har bedt om tilbod på sjølve skilta frå fleire leverandørar, og 5 leverandørar har sendt oss tilbod.

Leverandør 1: 290.760

Leverandør 2: 395.600

Leverandør 3: 274.196

Leverandør 4: 254.400

Leverandør 5: 231.120*

*Tilbodet er utan plakat. Pris på 4 plakatar ligg truleg mellom 30' og 60'.

Prisane her er inkludert plakat på info-skilta, innfresa logo på portalskilta og frakt til Sandane. Styret kan sjølv velje leverandør, både ut i frå pris og kvalitet. Valet bør grunngjevast.

Eg gjer merksam på at vi skal ha ei samla bestilling saman med Ålfotbreen verneområdestyre, der begge styra nyttar same leverandør. Styra må derfor enten verte einige om ein leverandør, eller sette opp fleire aktuelle. Naustdal-Gjengedal vo-styre har denne saka oppe først, og vedtak her vil legge føringar eller i alle fall gje eit signal til Ålfotbreen vo-styre.

Grafisk innhald

Vi har nokre krav å halde oss til og nokre gode råd å støtte oss til gjeldande det grafiske innhaldet på plakatane.

- Utforming, fargeval, skrifttype med meir skal vere i tråd med designmanualen.
- Kart er sentralt og viktig, og det meste av innhaldet vert bygd opp kring kartet. Vi har bestilt kart frå ein anbefalt leverandør. Dette vil etter planen bli levert i løpet av mai.
- Innplassering av teikn og symbol i kartet; parkering, overnatting, turstiar med meir. Med symbolforklaring.
- Tekst på 3 språk; nynorsk, engelsk og tysk. Bør vere so kort og konkret som muleg. I designmanualen ligg det eit dokument med skrivereglar som vi tek utgangspunkt i. Bør vi vurdere profesjonell hjelp her?
- Vi kan nytte ein grafikar på Sandane til å sette saman kart, tekst og anna grafisk innhald på plakatane, som skiltleverandør kan produsere fysisk.

Montering

Vi kan bruke dei verksemdene vi har tenestekjøpsavtale med, til jobben å fundamentere og montere skilta. I Gloppen brukar vi normalt Bygdeservice og på Jølster kan vi bruke Gravdal Skog og Hageservice. Begge dei skal ha kompetanse, erfaring og utstyr til å gjere ein slik jobb.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	11/19	20.05.2019

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - Tiltaksplan 2019-2020

Vedtak

Styret gjekk gjennom framlegg til tiltaksplan for 2019 og 2020.

Det vart lagt inn eit nytt punkt i planen om informasjonsarbeid; gjere verneområdet og vernestatusen meir kjent blant dei som allereie brukar fjellområda.

Tiltaksplanen vart vedtatt med det tillegget. Tiltaka er ikkje prioritert.

Tiltak	Skildring av tiltaket	Kostnads- overslag (totalt)	Samarbeids- aktørar	Gjennomføring	Finansiering
Geitabykset	Bygge trapper eller anna utbetring av det brattaste partiet opp Geitabykset, på stien til Ryssdalshornet.	300 000	Grunneigarar	2019	Tiltaksmidlar
Sti langs Storevatnet - klopplugging til Byrkjeneset	Klopplugging av stien heilt inn til Byrkjeneset		Gjengedal beitelag, grunneigarar	2019 - 2020	Tiltaksmidlar
Fjerning av ikkje-ynskete artar	førekomstar av gran i landskapsvernområdet.	100 000	SNO, grunneigarar	Kontinuerleg	Tiltaksmidlar
Sti mellom Kandalstøylen/Nesstøylen og Ryssdalstøylen	Trekloppar over myrparti på stien mellom Kandalstøylen/Nesstøylen og Ryssdalsstøylen.		grunneigarar, både i Ryssdal og Kandal	2020	Tiltaksmidlar
Skjøtsel Arnestadstøylen	Årleg slått på Arnestadstøylen. Skjøtsel i tråd med skjøtelsplan.	10 000	Arnestad grunneigarlag	Årleg	Tiltaksmidlar
Råsa til Mardalsstøylen	Utbetring av råsa frå dammen/vegen og opp til Mardalsstøylen. Legging av trekloppar, steinsetting, bruer.	80 000	Grunneigarar	2020?	
Råsa gjennom Ura ved Storevatnet	Gjere om på tidlegare utbetring av råsa gjennom Ura. Bytte ut dekke.	120 000	Grunneigarar		Tiltaksmidlar

Bruer i Langedalen	Støtte til oppsetting av to bruer i Langedalen som er viktige for beitebruk og utnytting av beiteressursane	200 000	Grunneigar/ dyreeigar	?	Tiltaksmidlar, utviklingsfond?, organisert beitebruk
Supplerande kloppegging Instedalen	Supplere tidlegare kloppegging. Auka bruk har ført til behov for å "tette hol" mellom eksisterande kloppe. I tillegg legge kloppe frå Nesstølen inn mot brua, og erstatte ei mindre bru der som er øydelagt.	60 000	Øvre Naustdal Utmarkslag	2020	Tiltaksmidlar, kommunale midlar, fylkeskommune, utviklingsfondet
Parkeringsplassar på Jølster	Utvide "toppturparkeingane" på Jølster. Jølster kommune har bygd fleire parkeringsplassar for folk som skal gå på topptur på dei mange populære toppar rundt heile kommunen. Kapasiteten er allereie for liten på fleire av dei, og det er behov for nokre nye.		Jølster kommune	2019-2020	Tiltaksmidlar, kommunale midlar, tippemidlar, stiftingar
Informasjonsskilt	Sette opp informasjonsskilt etter merkevarestrategi, designmanual og besøksstrategi. I første omgang eit skilt i kvar kommune, sentralt plassert.	320 000	Kommunane, grunneigarar, Statens vegvesen	2019-2020	Tiltaksmidlar
Byrkjeneset	Legge til rette for ålmenta sin bruk av Byrkjeneset	20 000	Grunneigar, Hyen natur og friluft	2019-2020	Tiltaksmidlar, utviklingsfondet
Skilting	Bytte ut gamle, slitte og øydelagde skilt langs stiar og vegar. Sette opp nye skilt der det er behov.	5000 per år	Grunneigarar, turlag, kommunar	Jamnleg	Tiltaksmidlar, tippemidlar, stiftingar
Informasjonsarbeid	Gjere verneområdet og vernestatusen betre kjent blant dei som besøker og allereie brukar områda i samband med ulike friluftaktivitetar.		Reiseliv, kommunar, organisasjonar	Kontinuerleg	

Dokument i saka:

- Framlegg til oppdatert tiltaksplan for 2019-2020

Bakgrunn

Tiltaksplanen er eit viktig tillegg og vedlegg til forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen er frå 2015 og den vil ikkje verte revidert på fleire år enno. Det er likevel behov for å gå gjennom tiltaksplanen men jamne mellomrom og revidere den. Etter kvart som eit tiltak er gjennomført og ferdig skal det takast ut av planen. Og når det dukkar opp nye behov for tiltak bør desse komme inn i tiltaksplanen.

Det er viktig at dei tiltaka vi ynskjer å gjennomføre er forankra i planverka våre. Det vil som oftast seie forvaltningsplan, besøksstrategi, skjøtselsplan eller tiltaksplan. Miljødirektoratet

skal kvart år vurdere dei tiltaka som vert meldt inn gjennom bestilling av tiltaksmidlar. Forankring i planverk er eit viktig kriterium for kor høg prioritet tiltaket får. Særleg no i 2019 har vi sett at tiltak som vi melder inn og ber om midlar til vert nedprioritert og får ikkje tiltaksmidlar dersom dei ikkje er forankra i planverk.

Handsaming i møte

Styret må gå gjennom tiltaksplanen slik den vert lagt fram av forvaltar, og diskutere og ta stilling til nokre spørsmål:

- Er det andre tiltak som bør inn på planen?
- Er det nokon tiltak som skal ut?
- Kortid skal dei ulike tiltaka gjennomførast?
- Kor lenge skal planen gjelde?
- Andre endringar eller tillegg?

ST 12/19 Eventuelt

Saksprotokoll ST 12/19 i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 20.05.2019

Ingen saker